

## Styremøte SFSG 21.3.18 Thon Hotel Jølster på Skei

Tilstades: Ragnhild Sæle, Jo Risløv, Odd-Jarle Øvreås, Thomas Manseth Bjørhovde, Jostein Flatland og Solgun Haugen

Tom Idar Kvam deltok på sak 1 frå Avlsutvalet

### **Sak 17/18. Avlsutvalet. Økonomien i avlsutvalet. Kontakt mellom avlsutval og styret**

Tom Idar Kvam som leiar i avlsutvalet for sau i Sogn og Fjordane var invitert til å vera med på styremøte for å diskutera økonomien i avlsutvalet og kontakt/kommunikasjon mellom avlsutval og styret.

Årsakar til reduserte inntekter i avlsutvalet i Sogn og Fjordane er blant anna;

- Styret i NSG vedtok å kutta støtte til fylkeslaga. For Sogn og Fjordane utgjorde dette kr 20 000-30 000,-
- Det vart òg vedteke at det kun skulle betalast kåringsavgift på kåra værelam i staden for antal stilte lam. Dette slo hart ut sidan Sogn og Fjordane har høg vrakingsprosent, og utgjere ca kr 24 000,-.

Styret og leiar i avlsutval drøfta økonomien i avlsutvalet og tiltak for å økonomien i balanse.

### Kommunikasjon mellom avlsutval og styret i SFSG

- Det er viktig at styret sin representant i avlsutvalet får kopi av alt som vert sendt ut. Leiar må hugsa å senda kopi til styret sin representant.
- Sogn og Fjordane blir no ein felles region med Hordaland
- Sakspapir kjem alt for seint til at folk lokalt skal få setta seg inn det òg.
- Det må sjekkast opp om noko av dommarginer kan vera diett.

### **Sak 18/18. Arrangement/møter styremedlemma har delteke på sidan forrige styremøte (Kort tilbakemelding frå styremedlemmane vedrørande kva dei har delteke på sidan førre styremøte)**

Jo: Fylkesårsmøte i Sogn og Fjordane Bondelag, Årsmøte NSG, fylkesårsmøte SFSG

Solgun: Møte Kontaktutvalet for rovviltsaker i Sogn og Fjordane i Sogndal 26.2.18, Årsmøte NSG, fylkesårsmøte SFSG

Ragnhild: Møte ang jordbrukstingingane, møte Førde beitegruppa, Årsmøte NSG, fylkesårsmøte SFSG

Odd-Jarle: Årsmøte NSG, fylkesårsmøte SFSG

Thomas: Årsmøte NSG, fylkesårsmøte SFSG

Jostein: Fylkesårsmøte i Sogn og Fjordane Bondelag, fylkesårsmøte SFSG

Postadresse:

Ragnhild Sæle

Stranda 57

6847 VASSENDEN

Tlf. 416 33 342

E-post: ragnhild.saele@enivest.net

Bankgiro:

3703 20 15213

Orgnr.

971 115 599

## **Sak 19/18. Oppsummering/orientering etter Årsmøte i NSG**

Ragnhild orienterte kort frå årsmøte i NSG 14-15.3.18 på Gardermoen.

Jo vart innvalgt som direktevalgt geiterepresentant. Sogn og Fjordane er godt representert med Ordførar, styremedlem og direkte valgt geiterepresentant. Ragnhild vart attvalt som ordførar. Sigurd Vikesland er fortsatt styremedlem.

## **Sak 20/18. Gjetarhund. Gjennomgang av tidlegare vedtak gjort av SFSG – oppfølging av vedtak.**

### **Arbeid vidare.**

Styret i SFSG jobbar med å få tak i vedtektene frå alle gjetarhundlaga. Dei ulike gjetarhundlaga vert oppfordra om å sjekka at medlemmane i gjetarhundlaget er medlem i NSG.

Alle prøvar skal gå i regi av NSG.

Vedtektene skal godkjennast av styret i SFSG. Det må lagast til køyrereglar for regi av kurs/prøvar. Det må inn i vedtektene til gjetarhundlaga at medlemmane må vera medlem i NSG.

## **Sak 21/18. Geitegruppa. Fleire medlemmar? Fordeling av arbeidsoppgåver**

Styret såg litt på organiseringa av geitegruppa. Det vert for mykje jobb for ein person å vera både leiar og sekretær slik som gruppa har vore organisert pr i dag.

Må prøva å få inn ein person til i geitegruppa som kan vera sekretær.

## **Sak 22/18. Søknader i høve tilskotet som SFSG fekk overført frå Fylkesmannen.**

Styret gjekk gjennom søknadane som har kome inn:

- Lærdal sau og geit/sankelag – radiobjøller Findmy
- Holmedal sau og geit - radiobjøller, utstyr redda skårfaste dyr
- Jølster – kurs berging av sau

Dei som får tilskot frå «Tilskot til tiltak i beiteområde» får ikkje frå oss, etter føringar frå FMLA.

## **Sak 23/18. Oppfølging av dei lokallaga som ikkje har levert årsrapport for 2017**

Status pr 21.3.18

11 stk har ikkje levert noko

4 stk har levert årsrapport men ikkje årsmelding

1 stk har levert årsmelding men ikkje årsrapport

Det var bestemt at styret tek kontakt med ei lokallaga som ikkje har levert.

Organisasjonsnummer og namn skal òg fylgjast opp.

Postadresse:

Ragnhild Sæle

Stranda 57

6847 VASSENDEN

Tlf. 416 33 342

E-post: ragnhild.saele@enivest.net

Bankgiro:

3703 20 15213

Orgnr.

971 115 599

**Sak 24/18. Arbeidsplan 2018. Planlegging av aktiviteter. Fordeling av arbeidsoppgåver. Gjennomføring av arbeidsplan 2018.**

Årsplan/arbeidsplan 2018 vart vedteken på årsmøte i SFSG 23.2.18;

- Styremøte etter behov
- Sende ut medlemsinformasjon
- Arrangera tur til Færøyane 30.7 – 2.8.18
- Småfesamling 2018 (vart arrangert 12-13.1.2018)
- Medlemsverving
  - o Vervepremie
- Prøva å få til Apotekavtalen
- Geitehelga 24-25.11.18
- Samling for lokallaga (utgangspunktet 26-27.okt, tillitsvaltsamling)
- Jordbrukstingingane

**Sak 25/18. Ymse**

a) Tur til Færøyane

Det er 16 påmelde til turen til Færøyane.

b) Ammegeit i SFSG

Styret diskuterte kva som kan gjerast for å auka fokuset på ammegeit i Sogn og Fjordane. Styret i SFSG bestemte at me opprettar ei eiga gruppe for ammegeit. Thomas får ansvar for denne gruppa.

c) Forvaltningsplan for rovvilt region 1

Styret i SFSG sender uttale til «Forvaltningsplan for rovvilt region 1».

d) Brev til rovviltnemnda om uttak av jerv

Styret sender brev.

e) Retningsliner for grupper og utval i Sogn og Fjordane Sau og Geit

Styret vil arbeida med felles retningsliner for alle grupper og utval i Sogn og Fjordane Sau og Geit.

Referent; Solgun Haugen

Postadresse:

Ragnhild Sæle

Stranda 57

6847 VASSENDEN

Tlf. 416 33 342

E-post: ragnhild.saele@enivest.net

Bankgiro:

3703 20 15213

Orgnr.

971 115 599